



Byglandsnytt nr.38 – oktober 2022

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 1. november 2022. Send tips innan 28.10. – www.bygland.kommune.no

Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord/Publikumsmottaket:** tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- **Rettleiingssenter i Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekontor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Evje legekontor

Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

	Bygland	Evje
måndag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00
tysdag	stengt	08.00 – 15.00
onsdag	stengt	08.00 – 15.00
torsdag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00
fredag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER: tlf. 37 40 79 00

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95

Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

Folkebiblioteket i Bygland tlf. 945 22 025

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

Folkebiblioteket er stengt i veke 40 (03.-09.10.) grunna haustferie.

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Formannskapet:** 04.10. kl. 13.00
- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 10.10. kl. 12.00
- **Bygland Ungdomsråd:** 10.10. kl. 15.30
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 11.10. kl. 12.00
- **Kommunestyremøte:** 12.10. kl. 13.00
- **Levekårsutvalet:** 25.10. kl. 12.00

Kunngjeringar

Ingen nye kunngjeringar for tida.

Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:

www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html

Ledige stillingar

Ingen nye ledige stillingar for tida.

Informasjon om ledige stillingar i Bygland kommune

finn du på heimesida www.bygland.kommune.no

*under menupunkt **Ledige stillingar***



Anna frå Bygland kommune

• **Ny varaordfører i Bygland kommune: Anne Eikerapen**

Kommunestyret gav, i møtet d. 31.8.22, fritak frå politiske verv til to medlemmer som hadde søkt om fritak. Dette medførte at kommunen har fått ny varaordfører.

Anne Eikerapen blei vald som ny varaordfører i Bygland kommune etter at Olav Neset fekk fritak frå sine politiske verv. Anne Eikerapen går då inn i alle styre, råd og utval som Olav Neset var vald inn i som varaordfører.

Sofie Eikerapen fekk og fritak frå politiske verv. Det medførte at Kjell Rune Heia kom inn som fast medlem i kommunestyret. Han har vore 1. varamedlem til kommunestyret.

Vi takkar Olav og Sofie for innsatsen dei har gjort for Bygland kommune!

Helse

Informasjon frå Evje og Bygland legesenter

Evje og Bygland legesenter, avdeling Bygland, held stengt **måndag 3. oktober og torsdag 6. oktober** grunna permisjon og ferie.

Legesenteret er **ope fredag 7.10.**

Oppstår det ein akutt sjukdom der du treng legetilsyn eller du har behov for legetime, har du moglegheit til å få time på Evje. (Tlf. 37 40 79 00)

Elles minner ein om:

Legevakt utanom ordninær opningstid: **116 117**

Ved livstruande eller svært alvorlege tilfelle: **113**



Språkkafé på Stoga kulturkafé **tysdag 4.**

oktober kl. 10.00 – 14.00. Arr. Flyktningteneste i Bygland kommune

Flyktningtenesta med Marianne og Gro Tove inviterer til språkkafé.

Alle hjarteleg velkomen!



Foto: Olav Grendstad

Frisklivstilbod i Setesdal: Alle kurs hausten 2022

- Sov godt - lær meir om søvn
- Høyrskurs (digital)
- Diabeteskurs (digital)

Sov godt - lær meir om søvn

Kurs for deg som har utfordringar med søvn.

Mange kan oppleve søvnevanskar, som eks. slite med å sovne om kvelden, vakne for tidlig om morgonen, sove uroleg eller oppleve mange oppvakningar gjennom natta.

Tema: Søvn og søvnevanskar. Avslapningsteknikkar. Gode råd for betre søvn. Søvn dagbok. Forestillingar om søvn.

Samlingane inneheld både presentasjon av fakta og erfaringsutveksling. Det blir også ein individuell oppfølgingssamtale i etterkant av kurset.

Kor og når: Evje, Aktivitetssenteret på Evjeheimen - 19. oktober og 2. november 2022 kl. 18.00 – 20.00

Kurshaldarar: Mari Haugen Abusland (t.v.), leiande helsesjukepleiar på helsestasjonen i Evje og Hornnes kommune og Hege Haukom (t.h.), avdelingsleiar på Evjeheimen. **Påmelding:** Frist: 12. oktober 2022



Foto: Evje og Hornnes kommune

Meld deg på via elektronisk skjema som du finn på <https://www.e-h.kommune.no/frisklivstilbud.536362.no.html>, eller ta kontakt med Servicekontoret i Evje og Hornnes kommune - Tlf. 37 93 23 00

Hørselskurs

Kurset passer for de som vil lære om hørsel, type hørselnedsettelse og høreapparat, årsaker og forebygging. Kurset er digitalt og varer ca. 40 minutter og du kan ta det når det passer for deg. Lenke til kurs:

<https://youtu.be/ONuYZOaWX84>

Diabeteskurs

Kurset passer for de som vil lære om sykdommen, de som har diabetes eller er på grensen til å få diabetes.

Tema som blir tatt opp:

Hva er diabetes? - Forskjellen på diabetes type 1 og 2, diagnostisering, behandlingsmål og behandlingsprinsipper. Fokus i dette kurset blir på diabetes type 2, som er mest utbredt blant befolkningen. - Hva påvirker blodsukkeret og hva må jeg passe på når jeg har fått diabetes?

Kurset er digitalt og varer en time og du kan ta det når det passer for deg. Lenke til kurs: <https://youtu.be/DeCAYESUmWk>

Drift og forvaltning

Lasse Bruun – ny vassområdekoordinator

«Jeg er nettopp begynt i stilling som vannområdekoordinator for Otra vannområde. Jeg er ansatt og har kontor i Bygland kommune, men stillingen er opprettet i samarbeide mellom kommunene Kristiansand, Vennessla, Iveland, Evje & Hornes, Bygland, Valle og Bykle, og i tillegg Agder fylkeskommune. Helt overordnet beskrevet er det primært en rådgivende og koordinerende stilling med mål om å oppnå 'god' tilstand for vannmiljøet i hele området. Jeg ser frem til å utføre en spennende jobb, forhåpentlig til gagn for både folk og fauna. Mvh Lasse Bruun»



Foto: Kjell Øyvind Berg/Drift og forvaltning

Krypsivfarkost

Olav Øygarden på Åraksbø er godt i gang med å teste nytt utstyr til fjerning av krypsiv i fjorden og elva. Olav skal teste ein kost til å fjerne krypsivet med, og ei pumpe som i etterkant skal fjerne krypsivet frå vatnet. Krypsivfondet i Otravassdraget og Krypsivprosjekt Sørlandet bidrar med finansiering til prosjektet. Det blir spennande å sjå om at dette kan vere det rette reiskapet til å fjerne krypsiv i framtida.



Foto: Bygland kommune, Drift og forvaltning

Rusefiske

Knut Haugetveit på Åraksbø bidreg i år igjen med å overvake bleka i Åraksfjorden. Knut hev ei ruse som fangar fisk frå september til november for å sjå om bleka greier seg utan settefisk og rognutlegg. Knut røktar rusa og noterer eksakte fangstar av bleke og aure. Nokre blekar er merka med ein radiosendar i buken for å følgje vandrainga gjennom åra,



så Knut fanger dette opp med ein eigen detektor. Resultata frå Knut blir levert Blekeprosjektet som blir leia av forskningsfirmaet NORCE i Bergen.

Foto: Knut og Jon Løyland legg ut rusa ved Åraksbø. Jon Løyland er til god hjelp etter nokre 10-års erfaring med ruse. - Bygland kommune, Drift og forvaltning

Stell av skog

Det gis tilskott til markflekking, planting og ungskogspleie av skog. Bygland kommune har framleis godt med midlar tilgjengeleg på årets ramme. Vi oppmodar alle til å ta i eit tak for å få opp ny kvalitetsskog.



Foto: S. Hegenscheidt

Ynskjer du synfaring av skogen din, kan du kontakte skogbrukssjef Inge Olav Fjalestad på tlf. **379 35 351** eller faghjelp Kjell Arne Rosseland på tlf. **918 35 575**.

Jakt

Hausten er ein fin tid i utmarka og mange ferdast ute på tur eller er på jakt. Elgjakta starta opp 25. september og varar fram til 23. desember. Det vil vere mange jegerar ute særleg fyrste del av jakta, og vi oppmodar alle som ferdast ute å ta omsyn til kvarandre.



Foto: pixabay.com

Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket, søknadsrunde del 2

1. oktober blir det opna for søknadsrunden på produksjonstilskot, del 2. Søknadsfristen er 15. oktober



Foto: Marit S. Kvaale

Produksjons- og avløysartilskot er ei fellesnemning for fleire tilskotsordningar som føretak med husdyr- og/eller planteproduksjon kan søka om, og utgjer ei viktig inntektskjelde for mange føretak.

For meir informasjon

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/produksjonstilskudd-og-avlosertilskudd-i-jordbruket>

Tilskot ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon - grovfor med husdyr

Etter ein tørr sommar kan det bli aktuelt å søka om erstatning. Meld frå til kommunen om avlingsskade og før beitelogg!



Foto: Silje Lunden Gotehus, Statsforvalteren i Agder

Under følgjer generell informasjon om ordninga. For rettleiing om føring av søknadsskjema og beitelogg, sjå www.statsforvalteren.no/nb/agder/Landbruk-og-mat/Jordbruk.

Utrekning av avlingskaden

For føretak som produserer grovfôr til egne husdyr blir erstatninga rekna ut på grunnlag av fastsett normavling (for kommunen til søkar) per dekar.

Produserer søkar berre grovfôr for sal, blir erstatninga rekna ut som andre salsproduksjonar. Gjennomsnittsavlingen fastrettes på grunnlag av salsdokumentasjon frå dei siste åra.

30 % egenandel og avlingen i skadeåret blir trekt frå. Sum erstatning blir berekna ut frå fortaketets areal og gjeldande sats for veksten.

Avgrensingar

- ➔ Tilskudd blir berre gitte når klimabetinget avlingstap er over 30 % av gjennomsnittsproduksjonen i vekstgruppa.
- ➔ Øvre grense er 750 000 kr per vekstgruppe (unntak i 2020 og 2021).
- ➔ Den nedre grensa for utbetaling av erstatning er 5 000 kroner samla utbetaling til føretaket.

Søknad og regelverk

Søknadsskjema og relevant regelverk er tilgjengeleg på Landbruksdirektoratets nettsider. **Søknadsfristen er 31. oktober.**

Søknaden går til kommunen, som sjekkar opplysningane. Det er Statsforvalteren som behandlar søknaden og fattar vedtak.

Kultur

LITTERATURPRISEN til BIBLIOTEKET 2022

10 bøker er nominerte til Bibliotekets litteraturpris – ein heilt ny pris som frå og med 2022 vil bli delt ut årleg. No utfordrar vi deg som bokelskar og ivrig lesar:

Kven fortener å bli den aller første prisvinnaren? Les dei nominerte bøkene og stem på dine tre favorittar saman med biblioteket ditt.

For meir informasjon og voting: www.biblioteketslitteraturpris.no



Bilete: Bibliotekets litteraturpris

Oppvekst

Skuleår 2022/2023: Haustferie i veke 40 (3.-9. oktober) ☺

Nytt frå oppvekstsentra i Bygland kommune

- Begge oppvekstsentra er i gang med miljøsertifisering. Vi har sett ned ein komité med elevrepresentantar og tilsette frå skule og barnehage som samarbeider med kommunen sin miljøkontakt, Even Simensen. Saman skal vi kartlegge drifta, legge til rette for berekraftige val i kvardagen, og auke medvit og kompetanse hos liten og stor. Dette er ein av fleire måtar sektoren jobbar med lære- og rammeplanane sine mål om miljø og berekraft i skule, SFO og barnehage. Vi siktar mot å bli Miljøfyrtårn 1. februar.
- Rekrutteringsprosjektet innom folkemusikk og folkedans, Gorrlaus, held fram i skule og barnehage. Vidare opplæring i stevtradisjon, munnharpespel og folkedans kjem i gang for fullt etter haustferien. I mellomtida held vi ved like det vi har lært. På kulturminnekonferansen kunne dei frammøtte sjå elevar frå 1.-4. trinn som framførte noko av det dei har lært. Dette er ein viktig del av å halde setesdalskulturen i hevd, og føre han vidare, i tillegg til å styrke dei unge setesdølane sin lokale tilhøyrse.
- Alle tilsette i oppvekstsektoren er med på kompetansehevinga Traumebevisst omsorg i samarbeid med RVTS-sør. Føremålet er å bli betre rusta til å kunne møte barn, unge og vaksne med forståing og medvit om den historia alle ber med seg. Det er ei styrke når heile sektoren får ei felles forståing og felles språk for dei menneskemøta som finn stad i arbeidskvardagen.



Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Andaktar på Byglandsheimen i oktober

- AVLYST! tysdag 11.10. kl. 14.00
- tysdag 25.10. kl. 14.00 med Tove Tveitå



Gudstenester (med atterhald)

- søndag 02.10, kl. 11.00, Bygland kyrkje (Konfirmantpresentasjon)
- søndag 23.10. kl. 13.00, Årdal kyrkje, Grendi (Konfirmantpresentasjon)
- søndag 30.10. kl. 11.00, Sandnes kyrkje, Åraksbø (Sundagsskulegudsteneste)

alle tre gudstenester med Frode Eikrem, Knut Olav Uppstad og Malin Hegenscheidt



Bilete: Bygland kyrkje.
Fotograf: S. Hegenscheidt

Konfirmantsamlingar på Vonheim bedehus, Bygland

- torsdag 1. september, kl. 14.45 – 15.45
- torsdag 29. september kl. 14.45 – 15.45

Trusoplæring

Trusoplæraren i Bygland, Malin Hegenscheidt, startar sesongen med Sundagsskulegudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø, søndag 30.10. kl. 11.00

Bilete: privat

Kyrkjelyden si heimeside: bygland.kyrkelyd.no



Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:

post@bygland.frivilligsentral.no

Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktivitetar:

- **BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen)**, bua.io, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Besøksven** for eldre

Andre aktivitetar:

- **Bingo**: annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral
(neste 11. og 25.10.)
- **Bygdemiddag**: annakvar tysdag kl. 16.30 – 18.00, Bygland frivilligsentral
(neste 04. og 18.10.)

- **Open dag i Byglandsheimen:** kvar onsdag kl. 11.00-14.00 (*OBS! IKKJE 11.10. grunna ferie*)
- **Styrketrening:** kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen
- **Strikkekafé:** 1. og 3. torsdag i månaden, kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral (**neste 06. og 20.10.**)

Bygland ungdomsklubb

(ikkje i skuleferien eller høgtider)

mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)

mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)

ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)



1x/månad: fre: 18.00 - 21.00, 5. -7. kl. (Årdalshallen) – **neste 07.10.** og
lau: 19.00 - 23.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen) – **neste 08.10.**

Tømekalender for Bygland kommune – oktober 2022

- **Papir og plast:** veke 40: tysdag 04.10.
- **Matavfall** og **glass/metall:** veke 40: torsdag 06.10.
- **Matavfall** og **restavfall:** veke 42: torsdag 20.10.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (12.10.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (22.10.)

Syrteveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (08.10.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 38:

Billete: Framside: *Blikk over Øvre Bygland* av Susanne Hegenscheidt. Innhald (m. m. anna er spesifisert): Marit S. Kvaale, pixabay.com, S. Hegenscheidt, Anne Fauske. Red.notat og *Kva skjer: Leiv Rygg sine pausetre* av S. Hegenscheidt. Takk til alle fotografer!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. **Ingen korrektur i denne utgåve.** Byglandsnytt november 2022 kjem: 01.11., skrivefrist 28.10.



KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygland Filmklubb: Program haust 2022 – neste film **23.10.2022**

FILMKLUBBENS HØSTPROGRAM 2022

YOUNG GUNS
DATO: FREDAG 23.09.2022
ALDER: 15 ÅR
STED: BYGLAND KULTURSCENE




YOUNG GUNS 2
DATO: LØRDAG 24.09.2022
ALDER: 18 ÅR (SALG AV ALKOHOL)
STED: UNGDOMSHUSET
TEMA: COWBOYFEST



THE LOST BOYS
DATO: SØNDAG 23.10.2022
ALDER: 15 ÅR
STED: BYGLAND KULTURSCENE
TEMA: DRACULA PÅ FILM 100 ÅR



GREASE
DATO: LØRDAG 19.11.2022
ALDER: 18 ÅR (SALG AV ALKOHOL)
STED UNGDOMSHUSET
TEMA: 50-TALLET



ROAD HOUSE
DATO: SØNDAG 20.11.2022
ALDER: 15 ÅR
STED: BYGLAND KULTURSCENE



Bygdekinoen – onsdag 5. Oktober

Kl. 17.30: Helt super! (6 år)

Omtale:

Du treng ikkje å vera superhelt for å vera heilt super!

Hedvig har krympa pappas superheltdrakt, og no kan han ikkje lenger vera byens Superløve. Typisk Hedvig, som er ganske så klønete og mest glad i å game. Men når pappa vel sterke og suverene fetter Adrian til å bli den nye superhelten, berre MÅ Hedvig ta opp kampen. Bli med på ein kaotisk, actionfylt og humoristisk jakt på superløvetittelen!

Billettpris: 110 kr.

Filmfakta: Regi: Rasmus A. Sivertsen. Skuespillere: Tobias Santelmann, Hennika Eggum Huuse, Kari Simonsen, Atle Antonsen, Desta Marie Beeder, Line Verndal, Henriette Marø, Johannes Kjærnes, Todd Bishop Monrad Vistve

Sjanger: Superheltefilm /Animasjon /Familiefilm. Nasjonalitet: Noreg.

Lengde: 1t. 16min.



Kl. 19.30: Krigsseileren (12 år)

Omtale:

KRIGSSEILEREN er eit storslått drama som fortel historia om dei over 30.000 norske krigsseilerne og skjebnen til familiene deira under og etter andre verdskrigen. Vi følgjer sjømannen Alfred, gift med Cecilia og nybakt trebarnsfar frå Bergen. Når andre verdskrigen bryt ut er han og barndomskameraten Sigbjørn på jobb på eit handelsskip midt ute i Atlanterhavet. Dei blir tvinga til å fortsetja å segla i fronten av ein krig dei ikkje har bedt om, i sivil og utan våpen. Heime i Bergen strevar Cecilia med å klara seg og å ta vare på dei tre barna i eit okkupert land.

Billettpris: 130 kr.

Filmfakta: Regi: Gunnar Vikene. Språk: norsk. Produksjonsår: 2022
Skodespelarar: Kristoffer Joner, Pål Sverre Hagen, Ine Marie Wilmann
Sjanger: Drama /Krigsfilm. Nasjonalitet: Noreg



Ymse

Bygland turistkontor på Stoga kafé

Presteneset, Bygland:
ope sundagar kl. 11.00
– 17.00, tlf. 907 81 105

Bilete: Olav Grendstad



Glimt av Buglede Bygland sin vinterklede aksjon 27. september

«I går fekk mange ukrainere fylt opp garderoba med naudsynt tøy for vinteren, og både ukrainarar og nokre bygglendingar og aire fekk fylt opp magen med kalleg god ukrainsk mat på Stoga.

Det vart ganske mykje tøy att, og det gjeng no til mottaket på Evje, og ukrainarar der. Ein god, nyttig og hyggeleg dag. Ein suksess var det. No kan seinhausten og vinteren kome.»



Foto: Olav Grendstad/Buglede Bygland

Вчора чимало українців поповнили свої гардероби необхідним одягом на зиму, і українці, і деякі селяни, і інші наповнили свої шлуки дуже смачною українською їжею у Stoga.

Залишилося досить багато білизни, і вона зараз йде на прийом до Єв'є, а там українці. Гарного, корисного і приємного дня. Це був успіх. Велике спасибі всім, хто долучився до цього. Зараз тільки може наступити пізня осінь і зима.

Setesdal Byggningsvernssenter Møte / foredrag om datering av gamle hus, tysdag 18.10. kl. 18.00, Stoga kulturcafé

Korleis kan vi finne alderen på gamle hus? Her kam du få råd og tips til korleis du går fram. Nationalmuseet i København og Agder fylkeskommune har i 10 år samarbeidd omkring datering av bygningar over heile Agder.



Foto: Storstoga, Ose. Setesdal Byggningsvernssenter

Seniorforskar Niels Bonde frå Nationalmuseet i København og Aadne Sollid frå fylkeskommunen vil dele si erfaring frå dette arbeidet og ha eit fokus på bygningar frå Setesdal.

Vonheim-basar

Vonheim bedehus på Bygland inviterer til basar fredag 21. oktober kl. 17.30

Gevinster mottas med takk.

Velkomen! Vonheim styre

Foto: Siri Johannessen



Bygland Næringslag inviterer

Trekraft AS er på jakt etter bjørk til ny industriell vedproduksjon!

Bygland Næringslag inviterer alle interesserte i Setesdal og Agderfylket til:

INFOMØTE

Revsnes Hotell, Byglandsfjord 26. oktober kl 19:00



Bibliotek på Byglandsfjord: Bokkafé

Bokkafé på biblioteket på Byglandsfjord på tysdagane kl. 12.00 -14.00.



Bjoren Brygge: Kompetorsdag kvar torsdag i oktober kl. 13.00 – 17.00

Foto: Jan Tore Leifsen



KULTURVEKA I VALLE

14.-23. OKTOBER 2022

Fredag 14.10. kl. 17.00

Basar i Broderheimen bedehus på Flateland.

Fredag 14.10. kl. 19.00

Klassisk fransk mat- og vinkveld. Musikk ved Kjetil Jore. Brattløa i Valle sentrum.

Laurdag 15.10. kl. 12.00

Klatrekurs i Brattløa i Valle sentrum.

Laurdag 15.10. kl. 12.00

Ope atelier hos Kristin Brokke. Brokkevegen 130.

Laurdag 15.10. kl. 21.00

Gunnar Stubseid m/musikarar spelar Hank Williams på Sølvgarden hotell.

Sundag 16.10. kl. 12.00

Ope atelier hos Kristin Brokke. Brokkevegen 130.

Sundag 16.10. kl. 16.00

Opning av fotoutstilling ved Monica Thereze Rynestad og måleriutstilling ved Tutta Berg i Sæbyggjen. Open kvar dag heile veka i biblioteket sine opningstider, og laurdag 22.10/sundag 23.10 kl. 11.00 -16.00.

Sundag 16.10. kl. 18.00

Pianokonsert med Øystein Kikut i Sæbyggjen.

Måndag 17.10. kl. 10.00 og kl. 13.00

Smikurs ved Setesdal vgs.

Måndag 17.10. kl. 12.00

Konsert med Pål Djuve på Valle bygdeheim, dagsenteret.

Måndag 17.10. kl. 17.00

READ i Sæbyggjen.

Måndag 17.10. kl. 19.00

Konsert med Pål Djuve i Sæbyggjen.

Tysdag 18.10. kl. 17.00

Cirkus Sibylla i Sæbyggjen.

Tysdag 18.10. kl. 18.00

Diakonutvalet med Per Emmanuelsen. Minikonsert ved Anna Slaby Driel og Ryszard Goscinia. Hylestad soknehus.

Onsdag 19.10. kl. 15.00

Grautfestival i Sæbyggjen.

Onsdag 19.10. kl. 18.00

Spa- og velværekveld. Hylestad soknehus, sminkeromet.

Onsdag 19.10. kl. 19.00

Jakt og fiske med Jørund Lien. Hylestad soknehus, matsalen.

Torsdag 20.10. kl. 17.00 og kl. 19.00

Bygdekino i Valle kultursenter.

Fredag 21.10. kl. 19.00

Filosofikafé med Gro Anita Homme og Karin Haugen på Bergtun hotell.

Laurdag 22.10. kl. 16.30

Kyrkjerottene - Dokketeater. Valle kyrkje.

Laurdag 22.10. kl. 20.00

Konsert med Tønes og Flokkdyr. Valle kultursenter, Vallehalli.

Sundag 23.10. kl. 12.00

Familiedag på Setesdalsmuseet.

Sundag 23.10. kl. 16.00

Gudsteneste i Hylestad kyrkje.

Sundag 23.10. kl. 19.00

Billettforedrag ved Richard Bærug. Setesdalsmuseet.



Valle kommune



Valle Sparebank



BYKLE
VINDU

BERGTUN
HOTELL



FOSSENSYLV

HASLA



Plankontoret Hallvard Homme AS



Sølvgarden



KVA SKJER I BYGLAND?

Oktober 2022

God haust!

(med atterhald om endringar)

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
sundag 02.10.	Bygland kyrkje	11.00	Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
tysdag 04.10.	Bygland flyktning-teneste, Stoga	10.00-14.00	Språkkafé
onsdag 05.10.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Film: Helt super! (6 år)
		19.30	Film: Krigsseileren (12 år)
laurdag 08.10.	Byglandshallen	14.00-17.00	Open hall! Idrett for alle
tysdag 18.10.	Setesdal Bygningsvernsenter, Stoga kulturkafé	13.00	Datering av gamle hus - møte og foredrag
fredag 21.10.	Vonheim bedehus, Bygland	17.30	Vonheimbasar
sundag 23.10.	Årdal kyrkje, Grendi	13.00	Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
onsdag 26.10.	Bygland Næringslag, Revsnes hotell	19.00	Infomøte vedproduksjon
sundag 30.10.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	11.00	Sundagsskulegudsteneste med dåp

Aktiviteter til

- Bygland frivilligsentral: sjå s. 9 + 10
- Bygland Ungdomsklubb: sjå s. 10
- Bygland idrettslag: sjå under www.byglantil.com